

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er sendt ut til alle som deltok på møtet, med merknadsfrist 7. april. Dette er det godkjente referatet frå rådsmøtet 17. mars 2010.

Møtedato: 17. mars 2010

Til stades:

Frå gruppe A: Margareth Hagen, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty, Margery Vibe Skagen.

Frå gruppe B: Camilla E. Skalle.

Frå gruppe C: Jan A. Johansen.

Frå gruppe D: Solveig Hjelleset, Sara Viktorin.

Rådsmøtet var sett opp særskilt for å drøfta ordninga med tilsett vs valt styrar. Instituttleiar Leiv Egil Breivik deltok derfor ikkje på møtet, som i staden vart leia av forskingsleiar Margareth Hagen. Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte utan røysterett.

Sak 1 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – Referatet frå 24. februar 2010

Referatet frå 24. februar 2010 vart godkjent med følgjande tillegg under sak 5, etter framlegg frå Kjetil B. Henjum: "Henjum meinte det var dårleg at eit framandspråksinstitutt ikkje skulle ha eit einaste abonnement på tidsskrift og aviser."

Sak 3 – Orienteringssaker

A. Fakultetsstyret vedtok 16.3 å leggja ned alle bachelorprogramma bortsett frå retorikk og SPIK. Koppen orienterte kort om drøftinga i fakultetsstyret.

B. Rapporten om fagdimensjonering ved fakultetet er sendt ut til instituttet i dag, og det blir allmøte i morgon 18.3.

Sak 4 – Evaluering av ordninga med tilsett styrar

Universitetet har stilt fakulteta fritt til å velja om dei vil ha tilsette eller valde instituttleiarar, men eitt og same fakultet må ha sams ordning for alle sine institutt. Spørsmålet er sendt på høyring til institutta ved Det humanistiske fakultetet, og instituttråda skal koma med fråsegn i saka. Instituttleiar kjem med eiga fråsegn og deltek ikkje i drøftinga i rådet. Saka vart sendt ut til alle ved IF med e-post 26. februar i år. Instituttrådet drøfta så saka i møtet 17.3, og deretter vert det avvikla møte for dei ulike gruppene av tilsette og for studentane ved instituttet, og til slutt blir saka lagt fram til fråsegn på instituttrådsmøtet 7. april.

Hagen understreka at dette ikkje er ei evaluering av den noverande instituttleiaren ved IF, men ei prinsipiell drøfting av kva ordning som er den beste. Ho viste òg til at nestleiarar ved AHKR-instituttet har sagt frå seg å leia denne saka i rådet, fordi vedkomande er rekruttert av instituttleiar. Hagen såg det slik at hennar situasjon var annleis, sidan ho berre er vikar som forskingsleiar og ho dessutan i utgangspunktet er fast medlem av rådet. Ingen i rådet bad om at Hagen skulle trekkja seg frå ansvaret med å leia saka.

Drøftinga i rådsmøtet tok utgangspunkt i mandatet gitt av fakultetet i brev frå 16.2 i år. Her vert instituttråda bedne om å vurdere ordningane med valt eller tilsett leiar og trekkja inn følgjande moment: rekruttering av instituttleiar, legitimitet i fagmiljøa, forskingsleiing, ivaretaking av arbeidsgjevarfunksjonen og rom for sanksjonar i tilfelle leiaren ikkje gjer ein tilfredsstillande innsats. Drøftinga i rådet tok utgangspunkt i desse momenta, og nokre av momenta som kom fram, kan oppsummerast slik:

Rekruttering av instituttleiar og legitimitet i fagmiljøa: Modellen med tilsett styrar, gjer det mogleg å rekruttera eksterne i tillegg til interne. Denne utvidinga av rekrutteringsgrunnlaget vart oppfatta som positiv. Det var litt ulike oppfatningar av om samansetjinga av tilsetjingskomiteen garanterte gruppe A ein god nok posisjon i tilsetjingsprosessen. Her vart det òg vist til at gruppe A er sterk representert i fakultetsstyret, som i siste instans tilset instituttleiarane. Det er likevel naturleg å etterlysa ei klargjering frå fakultetet av prosessen som er skissert i paragraf 8 i reglane for fakultetsorgana.

Det vart reist spørsmål ved om ordninga med tilsett styrar tek godt nok vare på universitetsdemokratiet, eller om vi blir for lik ei vanleg bedrift. Val vil også gjerne gje ein instituttleiar med betre kjennskap til det som går føre seg ved instituttet. På den andre sida kan ein tilsett leiar, om ho er eksternt rekruttert, vera meir upartisk og mindre bunden opp til eige fagmiljø.

Ein instituttleiar skal vera den fremste mellom likemenn. Kan dette idealet bli truga dersom ein ekstern vert tilsett? Ved tilsetjing av styrar er dessutan makta meir flytta opp til fakultetsnivået, medan eit val skjer på instituttnivået.

Forslingsleiing og ivaretaking av arbeidsgjevarfunksjonen: Tilsetjing opnar på ein heilt annan måte enn val for å stilla kompetansekrav og vurderer kor gode søkjarane er som t.d. forskingsleiar og personalleiar. Eit val opnar derimot for å presentera eit program og ein politikk for elektoratet.

Sanksjonar mot leiarar som ikkje gjer ein tilfredsstillande innsats: Rådsmedlemene var usikre på kva som var meint med dette punktet og kor relevant det var. Hagen undersøker nærare med fakultetet.

Sak 5 - Ymse

Ingen saker.

Margareth Hagen,
forslingsleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef